



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 30.01.2019
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09.40 - 14.30

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 22.01.2019 og møtet var kunngjort i pressa 12.12.18.

Ved opprop var 6 medlemmer til stades.
Sigmund Larsen hadde meldt forfall. Det lukkast ikkje å få inn varamedlem.

I starten av møtet orienterte plankonsulent Alexander Helle om planar for lokalvegtrasé på Flatøy.

Formannskapet hadde pause frå kl. 10.50 - 11.00, frå kl. 11.35 - 12.00 og frå kl. 13.05 - 13.10.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Varamedlem
Leif Johnsen	MDG	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Per Kristian Holmetun	SP
Sigmund Larsen	FrP
Silje Ingelin Sæterstøl	V

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Martin W. Kulild, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen. Bygg- og eigedomsforvaltar Erik Knag Johannessen møtte til sak 08/2019. Plankonsulent Alexander Helle møtte til sak 09/2019.

Protokollførar: Randi Hilland

31. januar 2019

Øyvind H. Oddekalv
ordførar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2019	Godkjenning av møteprotokoll
03/2019	Referatsaker
04/2019	Aktuelle saker
05/2019	Orientering av rådmannen
06/2019	Orientering om status Alver kommune
07/2019	Debatthefte 2019 - KS spør
08/2019	Førespunad om utskilling av grunn til gamalt naust på Holmeknappen
09/2019	Offentleg områdereguleringsplan for Rylandshøgda, orientering før 1. gongshandsaming

01/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

30.01.2019 FORMANNSKAPET

FS - 01/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

02/2019: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll vert godkjent.

30.01.2019 FORMANNSKAPET

FS - 02/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte 28.11.2018 vert godkjent.

03/2019: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

30.01.2019 FORMANNSKAPET

Marit Jøssang, KrF refererte skriv nr. 1. Meiner det er positivt endra praksis for inndring av ikkje betalt renovasjonsavgift.

FS - 03/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

04/2019: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

Orienteringane vert tekne til vitande.

30.01.2019 FORMANNSKAPET

Ordførar:

- Møte i formannskapet 4. september vert flytta til 11. september grunna næringskonferanse på Mongstad.
- Sambandet Vest - Fått midlar til å setje i gang arbeid med planprogram og silingsrapport. Skrive kontrakt med Norconsult. Politisk og administrativ gruppe er i gang.
- Nordhordlandspakken: Strekkningen Fosse-Moldekleiv vert dyrare enn budsjettert. Må sjå på ulike kostnadssparande tiltak.
- Arbeidet med undergang på Holme går etter planen. Opning til skulestart hausten 2019. Planlagt fortau opp til Blåklokka barnehage. Kan søkje om midlar til å utbetring av køyrevegen opp til barnehagen. Punktutvikling av område - restpott på 20 mill. kr.
- Fløksand-Vikebø - planen vert lagt ut på 1. gongs høyring i løpet av året.
- Fylkeskommunen har opna for at det kan krevjast inn bompengar på utsleppsfriske bilar. Forslag på at dei skal betale 1/2 pris av rabattert pris.
- Forseinka start av bompengereinnskrevjing grunna forseinka levering av utstyr. Mogeleg oppstart 1. desember i år. Tak på 50 passeringar per måned.

Sølvi Knudsen:

- Har blitt kontakta av innbyggjarar som køyrer strekkningen Fosse-Moldekleiv som er uroa for at det verte ei utsetjing på arbeidet. Ordførar opplyste at det ikkje er kome tilbakemelding på at framdriftsplanen er endra.

FS - 04/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.

05/2019: Orientering av rådmannen

Rådmannen sitt framlegg:

Orienteringane vert tekne til vitande.

30.01.2019 FORMANNSKAPET

Rådmannen:

- Fullt belegg på sjukeheimen. Overbelegg på kort-tidsavdelingen. Ein utskrivingsklar pasient ligg på sjukehus. Radøy og Modalen kan ikkje ta imot pasientar.
- Tiltak sett i verk for å få ned høgt sjukefråvær innan pleie og omsorg
- Utbygging av breiband lagt ut på anbod. Håpar å kome raskt i gang.

Anne Grete Eide:

- Ønskte status omsorgsbustader pluss Rådmann sa at planar med rundkøyring stoppar utbyggingsplanar innntil vidare.
- Ønskte oversikt over bruk av vikarbyrå 2018

Marit Jøssang:

- Status på arbeidet med skuleplassen på Sagstad
Rådmannen svarte at det ikkje er kome tilbakemelding på at ikkje arbeidet er i rute.
Nils Marton Adland refererte til referat frå SU på Sagstad der rektor skriv at prosjektet var forseinka grunna arbeid med vatn og avlaup.
Rådmann synta til at dette vart drøfta i 2018, og at det ikkje er ytterlegare forseinkingar.

Sølvi Knudsen:

- Er vorte kjent med at profesjonelle aktørar er inviterte til å lage logo/namn på Meieribygget
Er uroa over at det kan bli dyrt.
Rådmannen svarte at det ikkje er varsla overskriddingar.

FS - 05/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.

06/2019: Orientering om status Alver kommune**Rådmannen sitt framlegg:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

30.01.2019 FORMANNSKAPET**Ordførar refererte frå siste møte i Fellesnemnda:**

- Vedtok 2 prosjektmandat - Økonomisk politikk og handlingsreglar og gebyrregulativ for Alver kommune
- Vedtok politisk reglement for fellesnemnda og utval

Skal arbeide med økonomiplan og budsjett utover våren.

Arbeid i gang med planstrategi - kva skal administrasjonen prioritere i ny kommune.
Dette skal opp som sak i Fellesnemnda.

Møte i nettverk for petroleumskommunane.

FS - 06/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.

07/2019: Debatthefta 2019 - KS spør**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Meland ber om at det vert sett ein utsett frist til våren 2020 for eventuelle pottforhandlingar ved dette mellomoppgjeret. Formannskapet ber elles KS merke seg dei synspunkt som kjem fram gjennom saksframstillinga.

30.01.2019 FORMANNSKAPET

FS - 07/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Formannskapet i Meland ber om at det vert sett ein utsett frist til våren 2020 for eventuelle pottforhandlingar ved dette mellomoppgjeret. Formannskapet ber elles KS merke seg dei synspunkt som kjem fram gjennom saksframstillinga.

08/2019: Førespunad om utskilling av grunn til gamalt naust på Holmeknappen

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner at Brita Sagstad får tilbod om innløyising av festa naustegrund på Holmeknappen for kr 125.000,- pluss kostnader til oppmåling og utskiljing av naustegrunden.

28.11.2018 FORMANNSKAPET

Sigmund Larsen ville ha sin habilitet vurdert, då søkjar sin mann er onkel til kona hans.

Sigmund Larsen gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet.

Avrøysting:

Med tilvsnning til forvaltningsloven § 6 b vart Sigmund Larsen samrøystes erklært habil.

Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen, FrP:

Saka vert utsett til nytt møte.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 119/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett til nytt møte.

30.01.2019 FORMANNSKAPET

Bygg- og eigedomsforvaltar Erik Knag Johannessen orienterte og svarte på spørsmål.

Framlegg til tillegg frå AP, H, SP, KrF:

Kommunestyret anser ikkje denne saka som tilsvarende sak nr. 007/02.

Framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG:

Kommunestyret godkjenner at Brita Sagstad får tilbod om innløyising av festa naustegrund på Holmeknappen for kr 30.000,- pluss kostnader til oppmåling og utskiljing av naustegrunden, meir på linje med prisen i siste liknande sak på Holmeknappen, overdraginga av nabonausttomten i 2002, sak 007/02.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg frå AP, H, SP og KrF fekk 5 røyster for, (2 AP, H, SP, KrF), 1 røyst mot, og er såleis vedteke.

Framlegg til vedtak frå Leif Johnsen fekk 1 røyst for, (MDG), 5 røyster mot, og fall.

FS - 08/2019 FRAMLEGG TIL VEDTAK (MOT 1 RØYST):

Kommunestyret godkjenner at Brita Sagstad får tilbod om innløyising av festa naustegrunn på Holmeknappen for kr 125.000,- pluss kostnader til oppmåling og utskiljing av naustegrunden. Kommunestyret anser ikkje denne saka som tilsvarande sak nr. 007/02.

09/2019: Offentleg områdereguleringsplan for Rylandshøgda, orientering før 1. gongshandsaming

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet tek framlegg til områdeplan for Rylandshøgda til vitande. Presentert planarbeid er i tråd med føringar gjeve ved oppstart, plankrav i kommuneplanens arealdel godkjent 17.06.2015 og statlege og regionale føringar. Planarbeidet kan slutførast og sendast til fyrstegongshandsaming.

30.01.2019 FORMANNSKAPET

Plankonsulent Alexander Helle orienterte.

FS - 09/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Formannskapet tek framlegg til områdeplan for Rylandshøgda til vitande. Presentert planarbeid er i tråd med føringar gjeve ved oppstart, plankrav i kommuneplanens arealdel godkjent 17.06.2015 og statlege og regionale føringar. Planarbeidet kan slutførast og sendast til fyrstegongshandsaming.
